

# Årsrapport 2022

Stiftinga Opera Nordfjord  
Organisasjonsnr. 980 372 898

## Innhold:

### Årsberetning

### Årsregnskap

Resultatregnskap

Balanse

Kontantstrømsoppstilling

Noter

### Revisjonsberetning

# Årsberetning 2022

**Stiftinga Opera Nordfjord**  
**Organisasjonsnr. 980 372 898**

## **Virksomhetens art og hvor den drives**

Stiftinga Opera Nordfjord har i 2022 skapt aktivitet iht formålsparagrafen §1 i vedtektene.

Formålet er å skape eit operamiljø i Nordfjord og omliggande distrikt, ved å setje opp operaer, operetter, musikalar og eventuelt ballettforestillinger, av høg kvalitet.

Foretaket har forretningsstad i Stad kommune, med kontoradresse på Nordfjordeid.

## **Resultatutvikling og finansiell stilling**

Driftsinntektene var i 2022 kr 11 455 331 mot kr 11 620 955 forrige regnskapsår.

Grunnkapitalen er kr 100 000,- jfr Stiftelsesloven § 14, samt kr 160 000,- som er rest av oppstartskapital frå Eid kommune og Nordfjordrådet.

Styret mener at det framlagte årsregnskapet, med resultatregnskap, balanse og noter gir en rettvise framstilling av utvikling og resultat, samt stillingen ved årsskiftet. Det har ikke inntrådt forhold etter regnskapsårets utgang som er av betydning for bedømmelsen av årsregnskapet.

## **Fortsatt drift**

Årsregnskapet er avlagt under forutsetning om fortsatt drift, og styret bekrefter at forutsetningen er til stede.

## **Arbeidsmiljø**

Styret anser at arbeidsmiljøet i selskapet er tilfredsstillende, og har ikke iverksatt spesielle tiltak på dette området i regnskapsåret.

## **Likestilling**

Selskapet legger vekt på at det skal råde full likestilling og at forskjellsbehandling ikke skal forekomme.

Selskapet sysselsetter ved utgangen av regnskapsåret 4 personer, herav 1 mann og 3 kvinner. Styret består av 5 personer, herav 2 menn og 3 kvinner.

## **Det ytre miljøet**

Selskapets virksomhet forurenser ikke det ytre miljøet. Det er derfor ikke iverksatt spesielle tiltak på dette området i regnskapsåret.

## **Resultatdisponering**


Underskuddet i Stiftinga Opera Nordfjord på kr -2 029 961,31 foreslås disponert som følger:


## Resultatregnskap pr 31.12. Stiftinga Opera Nordfjord


	Note	Regnskap 2022	Regnskap 2021
<b>Driftsinntekter</b>			
Salgsinntekt		2 313 283	2 005 523
Annen driftsinntekt	1	9 142 048	9 615 432
Sum driftsinntekter		11 455 331	11 620 955
<b>Driftskostnader</b>			
Varekostnad		4 652 955	4 412 909
Lønnskostnad	2	3 692 288	3 052 099
Avskrivning på varige driftsmidler og immaterielle eiendeler		4 687	8 258
Annen driftskostnad		5 179 166	5 095 935
Sum driftskostnader		13 529 096	12 569 200
Driftsresultat		-2 073 765	-948 245
<b>Finansposter</b>			
Annen renteinntekt		34 002	17 408
Annen finansinntekt		10 068	10 385
Annen rentekostnad		266	63
Netto finansposter		43 804	27 730
Resultat før skattekostnad		-2 029 961	-920 515
<b>Skattekostnad</b>			
Årsresultat		-2 029 961	-920 515
<b>Overføringer og disponeringer</b>			


Overført til/fra udekket tap	
Overført til/fra annen egenkapital	-2 029 961,31
Avsatt til annet utbytte/utdeling	
Andre disponeringer: s overskot/eigenkapital	
<b>Sum</b>	<b>-2 029 961,31</b>


Nordfjordeid 20.02.2023  
Styret for Stiftinga Opera Nordfjord

  
Arve Espe  
Styreleder

  
Grete Berntzen  
Styremedlem

  
Sonja Edvardsen  
Styremedlem

  
Sølfrid Bjørkum  
Styremedlem

  
Roy Aron Myklebust  
Styremedlem

\_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_

## Balanse pr 31.12. Stiftinga Opera Nordfjord

	Note	Regnskap 2022	Regnskap 2021
<b>Anleggsmidler</b>			
Driftsløsøre, inventar, verktøy, kontormaskiner og lignende	4	9 629	14 316
Sum varige driftsmidler		<hr/> 9 629	<hr/> 14 316
Sum anleggsmidler		<hr/> 9 629	<hr/> 14 316
<b>Omløpsmidler</b>			
Kundefordringer		77 000	653 599
Andre fordringer		38 664	117 081
Sum fordringer		<hr/> 115 664	<hr/> 770 680
Bankinnskudd, kontanter og lignende	3	774 391	2 921 751
Sum bankinnskudd, kontanter og lignende		<hr/> 774 391	<hr/> 2 921 751
Sum omløpsmidler		<hr/> 890 055	<hr/> 3 692 432
Sum eiendeler		<hr/> 899 684	<hr/> 3 706 748

**Balanse pr 31.12.**  
**Stiftinga Opera Nordfjord**


	Note	Regnskap 2022	Regnskap 2021
<b>Egenkapital</b>			
Aksjekapital		260 000	260 000
Sum innskutt egenkapital		260 000	260 000
Annen egenkapital	5	2 120 638	2 120 638
Sum opptjent egenkapital		2 120 638	2 120 638
Sum egenkapital		2 380 638	2 380 638
<b>Gjeld</b>			
Leverandørgjeld		148 473	606 719
Skyldige offentlige avgifter		204 898	330 353
Annen kortsiktig gjeld		195 636	389 037
Sum kortsiktig gjeld		549 007	1 326 109
Sum gjeld		549 007	1 326 109
Sum egenkapital og gjeld		2 929 645	3 706 748

Nordfjordeid 31.12.2022/20.02.2023

Stiftinga Opera Nordfjord




Arve Espe  
Styreleder



Sonja Edvardsen  
Styremedlem

Grete Berntzen  
Styremedlem



Solfird Bjørkum  
Styremedlem



Roy Aron Myklebust  
Styremedlem

## Kontantstrømoppstilling pr 31.12. Stiftinga Opera Nordfjord

Kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter	Note	Regnskap 2022	Regnskap 2021
Resultat før skattekostnad	1,2	-2 029 961	-920 515
Periodens betalte skatt		0	0
Gevinst/tap ved salg av anleggsmidler		0	0
Ordinære avskrivninger		4 687	8 258
Resultatandel fra tilknyttede selskaper		0	0
Nedskrivning anleggsmidler		0	0
Endring i varelager		0	0
Endring i kundefordringer		576 599	-418 249
Endring i leverandørgjeld		-458 247	497 421
Endring i forskjell mellom kostnadsført pensjon og inn-/utbetalinger i pensjonsordninger		0	0
Effekt av valutakursendringer		0	0
Endring i markedsbaserte omløpsmidler		0	0
Endring i andre tidsavgrensningsposter		78 417	-22 189
<b>Netto kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter</b>		<b>-1 828 505</b>	<b>-855 274</b>
<b>Kontantstrømmer fra investeringsaktiviteter</b>			
Innbetalinger ved salg av varige driftsmidler		0	0
Utbetalinger ved kjøp av varige driftsmidler		0	0
Innbetalinger ved salg av aksjer og andeler i andre foretak		0	0
Utbetalinger ved kjøp av aksjer og andeler i andre foretak		0	0
Innbetalinger ved salg av andre investeringer		0	0
Utbetalinger ved kjøp av andre investeringer		0	0
<b>Netto kontantstrøm fra investeringsaktiviteter</b>		<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Kontantstrømmer fra finansieringsaktiviteter</b>			
Innbetalinger ved opptak av ny langsiktig gjeld		0	0
Innbetalinger ved opptak av ny kortsiktig gjeld		17 780	205 646
Utbetalinger ved nedbetaling av langsiktig gjeld		0	0
Utbetalinger ved nedbetaling av kortsiktig gjeld		-336 636	-121 806
Netto endring i kassakreditt		0	0
Innbetalinger av egenkapital		0	0
Tilbakebetalinger av egenkapital		0	0
Utbetalinger av utbytte		0	0
Innbetalinger av konsernbidrag		0	0
Utbetalinger av konsernbidrag		0	0
<b>Netto kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter</b>		<b>-318 856</b>	<b>83 840</b>
Effekt av valutakursendringer på kontanter og kontantekvivalenter		0	0
<b>Netto endring i kontanter og kontantekvivalenter</b>		<b>-2 147 361</b>	<b>-771 434</b>
Beholdning av kontanter og kontantekvivalenter pr 01.01.		2 921 751	3 693 186
Beholdning av kontanter og kontantekvivalenter pr 31.12.		774 391	2 921 751
Differanse		0	0

# Noter 2022

## Stiftinga Opera Nordfjord Organisasjonsnr. 980 372 898

### **Note - Regnskapsprinsipper**

Årsregnskapet er utarbeidet i samsvar med regnskapslovens alminnelige bestemmelser samt god regnskapsskikk for små foretak.

Omløpsmidler og kortsiktig gjeld omfatter normalt poster som forfell til betaling innen eitt år etter balansedagen, samt poster som er knytt til varekretsløpet. Omløpsmidler er vurdert til laveste verdi av anskaffelseskost og virkelig verdi.

### **Salgsinntekter og kostnader**

Inntektsføring ved salg av varer og tjenester skjer på leveringstidspunktet. Inntekter er vurdert til virkelig verdi av vederlaget. Kostnadsføring skjer i samme periode som tilhørende inntekt.

Selskapet er ikke mva-pliktig, og alle tall er brutto omsetning og kostnad.

### **Hovedregler for vurdering og klassifisering av eiendeler og gjeld**

#### **Klassifisering og vurdering av balanseposter**

Omløpsmidler og kortsiktig gjeld omfatter poster som knytter seg til varekretsløpet. For andre poster enn kundefordringer omfattes poster som forfaller til betaling innen ett år etter transaksjonsdagen. Anleggsmidler er eiendeler bestemt til varig eie og bruk. Langsiktig gjeld er gjeld som forfaller senere enn ett år etter transaksjonsdagen.

Omløpsmidler vurderes til laveste av anskaffelseskost og virkelig verdi. Kortsiktig gjeld balanseføres til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Anleggsmidler vurderes til anskaffelseskost. Varige anleggsmidler avskrives etter en fornuftig avskrivningsplan. Anleggsmidlene nedskrives til virkelig verdi ved verdifall som ikke forventes å være forbigående. Langsiktig gjeld med unntak av andre avsetninger balanseføres til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

#### *Varige driftsmidler*

Eiendeler bestemt til varig eie eller bruk i virksomheten er klassifisert som anleggsmidler. Driftsmidler er aktivert til anskaffelseskost. Tomter og boligeiendommer avskrives ikke. Driftsmidler med begrenset levetid avskrives planmessig over antatt levetid. Driftsmidler nedskrives til virkelig verdi ved verdifall som ventes å ikke være forbigående.

For egentilvirkede anleggsmidler har selskapet benyttet unntaksregelen for små foretak som gir adgang til å unnlate å ta med faste tilvirkningskostnader ved beregning av anskaffelseskost.

#### *Fordringer*

Langsiktige fordringer vurderes til anskaffelseskostnad med mindre virkelig verdi er lavere, og forventet tap ikke ansees å være av forbigående art.

Kundefordringer og andre kortsiktige fordringer vurderes til pålydende etter fradrag for forventet tap. Avsetning for tap gjøres basert på individuell vurdering av vesentlige kundefordringer. For øvrige kundefordringer gjøres det en spesifisert avsetning for forventet tap. Andre kortsiktige fordringer vurderes individuelt.



### Gjeld

Langsiktig og kortsiktig gjeld er vurdert til nominelt beløp på etableringstidspunktet fratrukket avdrag og nedbetaling.

### Varelager

Varelager vurderes til laveste verdi av anskaffelseskost etter FIFO-prinsippet og virkelig verdi. Virkelig verdi beregnes som forventet framtidig salgsverdi fratrukket salgskostnader. For egentilvirkede varer har selskapet benyttet unntaksregelen for små foretak, som gir adgang til å unnlate å ta med faste tilvirkningskostnader ved beregning av anskaffelseskost.

### Note 2 Offentlige midler

	2022	2021
Statstilskot KKD	5 250 000	5 195 000
Fylkestilskot	1 795 000	1 795 000
Kommunale tilskot	613 929	722 036
Covid-19 tilskot (KKD-Fylket)		470 000
Ekstraordinære midlar KKD	200 000	
Ekstraordinære midlar Fylket		200 000
Tilskot uroppføring		200 000
<b>Note 2 - Lønnskostnader mv.</b>		

	2022	2021
Lønnskostnader	3 146 391	2 534 885
Arbeidsgiveravgift	333 831	294 998
Pensjonskostnader	205 676	222 216
Andre ytelser, honorar til selvst,næringsdrivende	3 907 999	3 664 975
Sum	<u>7 593 897</u>	<u>6 717 074</u>

Selskapet har sysselsatt 3 årsverk i regnskapsåret.

### Note 3 - Bankinnskudd

Bundne skattetrekkmidler	136 252
--------------------------	---------

Note 4 - Varige driftsmidler

	Tomter, bygninger og annen fast eiendom	Driftsløsøre, inventar, verktøy mv.	Sum
Anskaffelseskostnad 01.01.22	0	62 500	62 500
Tilgang kjøpte driftsmidler	0	0	0
Tilgang egentilvirkede driftsmidler	0	0	0
Avgang realiserte driftsmidler	0	0	0
Investeringsstilskudd, nedskrevet	0	0	0
Anskaffelseskostnad 31.12.22	0	62 500	62 500
Akkumulerte avskrivninger 31.12.22	0	-53 051	-53 051
Akkumulerte nedskr. 31.12.22	0	0	0
Akk. reverserte nedskr. 31.12.22	0	0	0
Balanseført verdi 31.12.22	0	9 449	9 449
Årets avskrivninger	0	4 866	4 866
Årets nedskrivninger	0	0	0
Årets reverserte nedskrivninger	0	0	0
Økonomisk levetid		7-8 år	
Avskrivningssats	0%	0-12,5%	
Avskrivningsplan		lineær	
Balansef. lånekostnad egentilv. dr.m.	0	0	0
Balanseførte leieavtaler	0	0	0

Note 5 - Egenkapital

	Grunnkapital	Stiftingskapi tal	Opptjent egenkapital	Sum egenkapital
Egenkapital 31.12.2021	100 000	160 000	2 120 638	2 380 638
Prinsippendringer og korrigeringer				
Egenkapital 01.01.2022	100 000	160 000	2 120 638	2 380 638
Årsresultat			-2 029 961	-2 029 961
Andre endringer				
Egenkapital 31.12.2022	100 000	160 000	90 677	350 677



## Styret si årsmelding for Opera Nordfjord 2022

### Føremål:

Stiftinga Opera Nordfjord (ON) har som føremål å skape eit levande og inkluderande operamiljø i Nordfjord og omliggjande distrikt ved mellom anna å produsere operaer, operetter, ballett og musikalar av høg kvalitet. Opera Nordfjord har kontoradresse Nordfjordeid. Styret har i 2022 drive ON i samsvar med føresegnar for private stiftingar. Styret hadde fem styremøte og handsama 46 saker i 2022. Årsmøtet vart halde 26. april.

### Operagallaturné 8. - 10. april

I april arrangerte vi operagallaturné med stort orkester på 45 musikarar og solistane Margrethe Fredheim og Bror Magnus Tødenes. Dirigent og konferansier var Michael Pavelich. Repertoaret hadde stor variasjon og breidde, og konsertane fekk ei uvanleg god mottaking frå publikum i Operahuset Nordfjord på Nordfjordeid, Førdehuset i Førde og Fosnavåg Konserthus i Fosnavåg.

### Gjestespel til Bjørvika

I juni reiste vi til Bjørvika på gjestespel med musikalen Mannen frå La Mancha, hovudproduksjonen frå 2020. Vi hadde med oss eigne, frivillige snikkarar, sydamer, påkledarar og maskørar, til saman 14 personar, i tillegg til solistar, orkester og det kunstnariske teamet, som besto av regissør Aksel-Ott Bull, dirigent Michael Pavelich, scenograf og kostymedesignar Åse Hegrenes, lysdesignar Arne Kambestad, koreograf Candice Bredesen og maskør Ingunn Schumann Mosand. Samarbeidet mellom vertskap og Opera Nordfjord fungerte perfekt, og vi kunne feire felles arbeid med fire framsyningar 12. (x 2), 13. og 14. juni.

### Sommarskule 4.-7. juli

Seint på våren 2022 fekk vi tildelt tildelt kr 30.000 frå Stad kommune til sø sommarskule. Vi kontakta leiarteamet frå året før og fekk med oss tre dyktige instruktørar som arrangerte kurs over 4 dagar for 23 elevar, 21 jenter og 2 gutar.

Det er eit viktig prinsipp at skulen skal vere gratis for alle, og at det er eit lågterskeltilbod utan audition. Vi ønskjer særleg å nå ut til born og unge som normalt ikkje er med i kulturelle tilbod gjennom året, og som ikkje har råd til å delta i dei kommunale kulturskulane i Nordfjord. I desember-22 fekk Opera Nordfjord tildelt kr 300.000 i gåvemidlar frå Gjensidigestiftelsen, som er øyremerka Sommarskulen i 2023.

### Den unge Mozart på barnehageturné – samarbeid med Stad kommune/DKS

I dagane 5. -7. september fekk vi besøk av barnehageforestillinga Den unge Mozart med skodespelar Haakon Strøm og pianist Margrit Honecker. Vi fekk tilskot frå DKS til honorar og praktisk hjelp til organisering av turnéen. I løpet av tre dagar arrangerte vi fem konsertar for 291 born: fire konsertar i Operahuset Nordfjord og ein konsert i Selje Samfunnshus.



### **Treffet**

Operakysten arrangerte ein turné i fylket under operavekene med den nyskrivne Tinder-operaen Treffet, og denne hadde gjestespel hos Opera Nordfjord torsdag 25. august i Kulturhuset Gamlebanken. Treffet er ein komisk kammeropera på ca. 45 min., skriven på nynorsk av Jostein Avdem Fretland. Aktørane var Nora Oleanne Sårheim og Eivind Kandal. Pianist var Andreas Løken Taklo, og lysdesign var ved Mathias Askvik.

### **Trio no treble**

For andre gong gjesta Trio no Treble Opera Nordfjord i Gamlebanken 14. september med Opera Nordfjord som vertskap, og det vart suksess igjen med ein av konsertane på deira European Tour.

### **La Traviata – hovudproduksjonen**

Den største og mest ressurskrevjande produksjonen i 2022 vart operaen La Traviata, med premiere 29.09.. Scenografien av scenograf Yngvar Julin var spesielt inspirert av Art Deco-perioden, med sine bogar og sirklar. Kulissearbeidet vart spesielt arbeidskrevjande, med stor innsats både frå dei frivillige snikkarane våre og frå lærarar og elevar ved Eid vidaregåande skule. Vi nytta mykje metall på produksjonen, og på grunn av krigen i Ukraina vart desse kostnadane mykje høgare enn først budsjettert med. Også forbruket av tremateriale vart mykje dyrare enn forventa pga. prisauke. Regissør Arne Fagerholt hadde spesielt fokus på utanforskap og mangfald gjennom utvalde transkarakterar, inspirert av det skeive Ballroom-miljøet i New York. Det vart ein vakker og hjartevarm produksjon med svært gode tilbakemeldingar frå publikum.

Det øvrige kunstnariske teamet besto av musikalisk leiar Michael Pavelich, scenograf Yngvar Julin, kostymedesignar Nora Furuholmen, lysdesignar Ovar Holmen, maskør Maren Togstad og regi- og koreografiassistent Trude Amalie Leirpoll.

### **Konsert til inntekt for TV-Aksjonen**

7. oktober, under operavekene, arrangerte vi konsert i Eid Kyrkje til inntekt for TV-Aksjonen. Alle medverkande stilte opp gratis, slik at alle gåvene som kom inn, gjekk uavkorta til TV-Aksjonen. Vi fekk inn kr 22 557 frå 136 publikummararar til Leger uten grenser – dette er det største bidraget vi har fått inn på TV-Aksjonen gjennom 20 år.

### **Samarbeid med Eid vidaregåande skule**

Sidan 2005 har vi hatt eit fast og forpliktande samarbeid med yrkesfagklassene ved Eid vgs. Arbeidsressursen frå skulen si side, både frå lærarar og elevar, er av stor verdi for Opera Nordfjord, og vi set stor pris på deira bidrag. Til gjengjeld får skulen samarbeide tett med dyktige, profesjonelle og ettertrakta scenografar, kostymedesignarar og maskørar. som i månadane frå skulestart til operapremiere i starten av oktober utgjer ganske mange arbeidstimar i veka. Både lærarar og elevar lærer seg nye teknikkar frå år til år, noko som gir skulen auka kompetanse i lærarkollegiet på yrkesfag. Slik er operaen og skulen til gjensidig nytte og glede for kvarandre.

### **Utlån til skular og organisasjonar**

Opera Nordfjord stiller kostyme, kulissar, rekvisittar og parykkar til fri disposisjon for fleire skular og frivillige produksjonsmiljø, som får låne det dei treng til sine respektive sceneproduksjonar. Vi er glade for at Opera Nordfjord sitt innhaldrike lager, direkte bidreg til at andre produksjons- og utdanningsmiljø får løfta kvaliteten på sine produksjonar.



### **Tilsetting av verkstadansvarleg**

Anndi Bergset frå Stryn vart i 2022 tilsett i 25% stilling som verkstadansvarleg. Dette har vore ei stor hjelp for operaen og særleg alle dei frivillige, då Anndi held orden på kostyme, lager og verkstad og ser til at alt er organisert og merka. Ho har også tatt over ansvaret for utleige av kostyme.

### **Dei tilsette**

ON har 2,45 årsverk fordelt på tre kvinner i til saman 1,95 stillingar (operasjef i 100%, produsent i 70% og verkstadansvarleg i 25%) og ein mann i 0,5 stilling (kunstnarisk leiari). Stiftinga kjøper tenester til marknadsføring, rekneskap og oppdatering av nettsider og sosiale medium.

### **Dugnadsapparatet**

Noko av det aller viktigaste for Opera Nordfjord er å ha eit velfungerande dugnadsapparat. Vi må ta godt vare på dei frivillige og ta på alvor at mange etter kvart oppnår høg alder og treng avløyning av yngre krefter. Rekruttering av nye frivillige er difor ei prioritert oppgåve i tida som kjem, med eit mål om å få med fleire, også dei med framandspråkleg bakgrunn. Dugnadsarbeid kan vere viktig for språklæring, og vi vonar at vi får med fleire frivillige gjennom samarbeid med Eid Frivilligsentral og Vaksenopplæringa.

### **Operaens Venner**

Sidan oppstarten i 1998 har Operaens Venner vore sentral i Opera Nordfjord sitt virke. Gjennom loddsal, innkjøp av utstyr og anna frivillig arbeid har deira aktivitetar vore ein stor ressurs og tidvis ei inntektskjelde for Opera Nordfjord. Leiaren i Operaens Venner er fast medlem i styret i Opera Nordfjord. Operaens Venner har eit samla ansvar for alt publikumsretta arbeid under forestillingane, inklusive drift av kafé/bar.

### **OperaNorge**

Opera Nordfjord er eit av medlemmane i OperaNorge, ein interesseorganisasjon for ALLE som driv med operaproduksjon i Noreg. Nettverket er av stor betydning for alle medlemmane og er ein viktig arena for meningsutveksling, rådgiving og støtte i det viktige arbeidet med å gjere operakunsten tilgjengeleg for folk flest i landet vårt. OperaNorge har to medlemsmøte i året. Operasjef Kari Standal Pavelich var styremedlem i 2022.

### **Balansemerket**

I oktober deltok tilsette i Opera Nordfjord saman med administrasjonen i Operahuset Nordfjord og Malakoff Rock Festival i Balansekunst sitt kurs for å oppnå Balansemerket. På dette dagskurset lærte vi om – og drøfta– korleis vi kan motarbeide hersketeknikkar, seksuell og anna trakassering og arbeide FOR inkludering og mangfald. Opera Nordfjord ønskjer å vere ein inkluderande arbeidsplass og oppdragsgevar for alle, uavhengig av kor i organisasjonen ein høyrer heime.

### **Økonomi**

Rekneskapa for 2022 vart gjort opp med eit underskot på kr 2 029 961. Det er fleire årsaker til underskotet, mellom anna auka utgifter til kulisseproduksjon pga. krigen i Ukraina, planlagt bruk av eigenkapital til gjestespelet i Bjørvika, større personalutgifter enn først budsjettert med og lågare billettinntekter både på gjestespelet og på hovudproduksjonen enn forventa. Det er gjort endringar i utgiftskontroll på kostyme- og kulisseproduksjon for 2023, med hyppigare rapportering til styret. I 2022 fekk Opera Nordfjord kr 5 650 000 (5 440 000 + 200 000) i støtte frå staten, kr 1 795 000 frå



Vestland fylke og kr 613 929 frå Stad Kommune. Sponsor- annonsemidlar var på kr 212.000, salsinntektene var på kr 2 313 283 og gåvemidlar på kr 100.000.

Tilskodartalet, og dermed økonomien til stiftinga, varierer frå år til år. Etter Korona-pandemien har det vore vanskeleg å estimere billettinntektene, som har gått ned i åra 2020-2022. Vi har ein jobb å gjere med betre marknadsføring for igjen å fylle operahus og kulturhus med nye publikummarar.

Arbeidet for å sikre ein sunn økonomi vil framleis vere mellom styret sine viktigaste oppgåver. Styret ynskjer ein solid eigenkapital som tryggar arbeidsplassane. Eigenkapitalen må òg vere stor nok til å tole at oppsettingar går med underskot, slik at berekraftig drift kan sameinast med trongen for kunstnarisk utvikling. Styret ønskjer at stiftinga framleis skal ha handlefridom til å kunne satse på produksjonar med avgrensa kommersielt potensial.

Resultatrekneskapan og balansen syner, slik styret ser det, den økonomiske stoda for stiftinga.

Styret meiner det framleis er grunnlag for drift av Opera Nordfjord under føresetnad av nøkterne disposisjonar og støtte frå offentleg og privat hald.

Styret gjer framlegg om at årets underskot på kr 2 029 961 vert dekkja inn av eigenkapitalen.

Styret for 2022 var slik samansett:

Arve Espe (styreleiar) frå Eid, Solfrid Bjørkum (nestleiar og skrivar) frå Gloppen,  
Sonja Edvardsen (styremedlem) frå Eid, Grete Berntzen (styremedlem) frå Bremanger og  
Roy Aron Myklebust (styremedlem) frå Stryn

Varamedlemmar: Anndi Bergset frå Stryn og Maria Helgesen frå Selje.

Arbeidsmiljøet er framleis godt og sjukefråveret er lågt. Drifta fører korkje til forureining eller utslepp som kan vere til skade for tilsette eller det ytre miljøet.

Nordfjordeid, den 20.02. 2023

Arve Espe

Styreleiar

Kari Standal Pavelich

operasjef, Opera Nordfjord

# VESTLAND REVISJON

## Kommunalt Oppgåvefelleskap

Forretningsadresse: Førde, Førde Rådhus, Hafstadvegen 42, 6800 Førde  
Postadresse: Postboks 487, 6803 Førde - Org.nr. 923 249 478 MVA  
Kommunane Askvoll, Bremanger, Fjaler, Gloppen, Gulen, Hyllestad, Høyanger, Kinn, Luster, Sogndal, Solund, Stad, Stryn, Sunnfjord, Vik, Årdal

Bankkonto 3705 40 64838  
Konst. dagleg leiar Asgeir Tveit  
Mobilnr. 90 87 43 88  
E-post: [postmottak@vestrev.no](mailto:postmottak@vestrev.no)

---

Til styret i stiftinga Opera Nordfjord

## UAVHENGIG REVISORS MELDING

### Uttale om revisjonen av årsrekneskapen 2022

#### *Konklusjon*

Vi har revidert årsrekneskapen til stiftinga Opera Nordfjord som viser eit underskot på kr 2 029 961,31. Rekneskapen er samansett av resultatrekneskap, balanse og notar. Etter vår meining er rekneskapen i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rett bilde av stiftingas finansielle stilling og resultat i samsvar med rekneskapslov og god rekneskapsskikk.

#### *Grunnlag for konklusjonen*

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk, m.a. dei internasjonale revisjonsstandardane (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter ut frå desse standardane er omtala i «Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen». Vi er uavhengige av stiftinga slik det er krav om i lov og forskrift, og har overhalde våre andre etiske plikter i samsvar med krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkelege og føremålstenlege som grunnlag for vår konklusjon.

#### *Anna informasjon*

Vår uttale om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje annan informasjon, og vi attesterer ikkje denne informasjonen.

I samband med revisjon av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lese annan informasjon med det formål å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom annan informasjon og rekneskapen, kunnskap vi har opparbeidd oss under revisjonen, eller om den tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at annan informasjon inneheld vesentleg feilinformasjon, er vi pålagt å rapportere det. Vi har ingenting å rapportere i så måte.

#### *Styrets og dagleg leiars ansvar for årsrekneskapen*

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, m.a. for at den gir eit rett bilde i samsvar med rekneskapslov og god rekneskapsskikk. Leiinga er ansvarleg for slik intern kontroll som den finn nødvendig for å kunne utarbeide ein rekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleghald eller utilsikta feil.

Ved utarbeiding av rekneskapen må leiinga ta standpunkt til stiftingas evne til fortsatt drift og på høveleg måte opplyse om forhold som betyr noko for fortsatt drift. Føresetnaden om fortsatt drift skal leggest til grunn for rekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

### *Revisors oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen*

Vårt mål med revisjonen er å oppnå tilfredsstillande sikkerheit for at rekneskapen som heilheit ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleghald eller utilsikta feil, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Tilfredsstillande sikkerheit for rekneskapen betyr høg grad av sikkerheit, men er ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk, m.a. ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misleghald eller utilsikta feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom det er rimeleg å frykte at den enkeltvis eller samla kan verke inn på økonomiske vedtak som brukarane av rekneskapen gjer basert på rekneskapen.

For vidare omtale av revisors oppgåver, sjå:  
[www.nkrf.no/revisjonsmeldinger](http://www.nkrf.no/revisjonsmeldinger)

### **Uttale om andre løvmessige krav**

#### *Konklusjon om årsmeldinga*

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som omtala ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om rekneskapen, opplysning om fortsatt drift og forslaget til dekking av underskotet er konsistente med rekneskapen og i samsvar med lov og forskrifter.

#### *Konklusjon om registrering, dokumentasjon og forvaltning*

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som omtala ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendig ut frå internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at

- leiinga har oppfylt si plikt til å syte for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av stiftinga sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk.
- stiftinga er forvalta i samsvar med lov, stiftingas formål og vedtektene.
- statstilskotet på kr 5 450 000 er nytta i samsvar med dei formål, føresetnadar og krav til økonomiforvaltning og kontroll som går fram av tilsegn i brev frå Det Kongelege Kulturdepartement, datert 04.01.2022.

Nordfjordeid, den 01.03.2023

**Vestland Revisjon KO**  
*Kay Rune Solheim*  
Revisjonsoppdragskontroll

Kay Rune Solheim  
Revisor